



Midsund kommune
Rådmannen

Det Kongelige Klima- og Miljødepartement
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Melding om vedtak

Vår ref:
2017/46/3/N30

Deres ref:
16/1904

Saksbehandlar:
Malvin Gjendem Bjørnerem

Dato
07.02.2017

Høring om framlegg om oppheving av vasscooterføresegnene

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

Samrøyste vedtak i Naturbruksnemnda - 03.02.2017

Ein syner til det tilsende høyringsdokumentet med framlegg om oppheving av føresegnene for køring av vasscooter.

Naturbruksnemnda i Midsund kan ikkje sjå at det er behov for å oppheve føresegnene.

Med helsing

Malvin Gjendem Bjørnerem
Saksbehandlar servicekontor

Postadresse
Midsund
6475 Midsund
E-post: postmottak@midsund.kommune.no

Besøksadresse
Utsidevegen 131
www.midsund.kommune.no

Telefon
71 27 05 00
Telefaks
71 27 05 01

Bank
4202.42.79922
Org.nr
964 981 159



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2017/46-2
Arkiv: N30
Saksbeh: Nils Edvin Sanden
Dato: 31.01.2017

Saksframlegg

Høring om framlegg om oppheving av vasscooterføresegnene

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/4	Naturbruksnemnda	03.02.2017

Forslag til vedtak:

Ein syner til det tilsende høyringsdokumentet med framlegg om oppheving av føresegnene for køyring av vasscooter.

Naturbruksnemnda i Midsund kan ikkje sjå at det er behov for å oppheve føresegnene.

Samrøyste vedtak i Naturbruksnemnda - 03.02.2017

Ein syner til det tilsende høyringsdokumentet med framlegg om oppheving av føresegnene for køyring av vasscooter.

Naturbruksnemnda i Midsund kan ikkje sjå at det er behov for å oppheve føresegnene.

Saksutgreiing:

Før 2013 var det eit totalforbod mot køyring med vasscooter med unnatak av områder der kommunane hadde gjeve løyve.

I 2013 vart det innført egne føresegner for vasscooter. Det er m.a . sett forbod mot bruk av vasscooter nærare enn 400 meter frå land i sjøområder.

Det vert no gjort framlegg om oppheving av dei særskilde føresegnene med grunngjeving at kommunane kan gjennomføre naudsynt regulering gjennom anna lovverk.

Kommunen har motteke ein utale frå Forum for natur og friluftsliv i Møre og Romsdal som går mot oppheving av føresegnene.

Vurdering:

Køyring med vasscooter medfører betydeleg støy og ein større ulykkesfrekvens enn ved anna fartøybruk. Det medfører dessutan ei ulempe for sjøfuglbestanden.

I høyringsdokumentet vert det pårekna at oppheving av føresegnene vil medføre auka bruk. Oppheving av føresegnene vil medføre uløik praktisering i kommunane og eit uoversikteleg regelverk.

Ein kan ikkje sjå at det ligg føre noko samfunnsmessig behov for å oppheve føresegnene.

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Høyringsdokument

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: